

de

# Møteprotokoll

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
**Møtestad:** Gjengedal  
**Dato:** 07.06.2021  
**Tidspunkt:** 11:00 – 16:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord
Trude Brosvik	Medlem	Vestland

---

## Merknader

I tillegg til det formelle møtet hadde styret synfaring i Gjengedalen.

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 9/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 10/21	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 2/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2021		2019/4183
RS 3/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak styremøte 2/2021		2019/4173
ST 11/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - godkjenning av kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal LVO		2020/13235
ST 12/21	Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om fornya løyve til snøskutertransport av saltstein - Søreide og Ryssdal beitelag		2021/4431
ST 13/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om å merke sti frå Berdalseggja til Eikeneshesten		2021/7624
ST 14/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - omdisponering av tiltaksmidler		2019/4173
ST 15/21	Eventuelt		

## **ST 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 07.06.2021**

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **Vedtak ST 9/21**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **ST 10/21 Signering av protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 07.06.2021**

Framlegg til vedtak:

Protokollane frå styremøte 4/2020 og 1/2021 vert godkjent og signert

### **Vedtak**

Protokollane frå 4/2020 og 1/2021 vert signert fysisk på neste møte

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/21	07.06.2021

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2021

### Korona

Korona og smittevernsreglar påverkar "drifta" av verneområdet i liten grad. Alle møte hos Statsforvaltaren føregår no digitalt, men ville dei nok i stor grad gjort uansett grunna geografisk spreieing.

### Rammeavtalar om kjøp av tenester

Etter anbodskonkurransen har vi skrive avtalar med Bygdeservice AS om arbeid i Gloppen og Gravdal Skog og Hageservice om arbeid i Sunnfjord. I tillegg har vi ein avtale med ei verksemd som heiter Skogkonsult om større hogstoppdrag.

### Miljødirektoratet si tilråding om aktuelle nye nasjonalparkar

Direktoratet har no sendt si faglege tilråding til Klima- og miljødepartementet, over aktuelle nye nasjonalparkar i Noreg. Naustdal-Gjengedal LVO er ikkje med på den lista. Direktoratet skriv i vurderinga si at verneområdet har tilstrekkelege naturkvalitetar, og at det kan vere eit aktuelt område som nasjonalpark i framtida, men at det vert "lagt på vent" i denne omgang grunna lokal skepsis og krevjande prosess.

### Nye nettsider for styret

Vi har no fått publisert nye styresider. Dei finn de her:  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal>

Dei nye sidene ser veldig mykje betre ut, er meir oversiktlege og er veldig mykje enklare å bruke enn dei gamle. Innhaldet er stort sett det same, men eg har ikkje lagt opp til nyheitssaker på den nye sida.

### Vedtak

Styret tok orienteringssakene til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/21	07.06.2021

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak styremøte 2/2021

Her er ei enkel oversikt over dei tiltaka vi skal gjennomføre i år, og korleis status er på kvart enkelt.

1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Har sendt avtale til grunneigarlaget. Arbeidet vert utført i løpet av sommaren.
2	Utbetre sti ved Botnavatnet	Grunneigarlaget har muntleg "godkjent" avtalen på dette tiltaket, og vil nok sette i gang med arbeidet no i sommar.
3	Skilting	Midtre Nordfjord turlag har ønske om å skilte og merke ei rute. Sjå eiga sak i sakspapira.
4	Remerking av stiar	Midtre Nordfjord turlag har ønske om å skilte og merke ei rute. Sjå eiga sak i sakspapira.
5	Skjøtsel Sandsstøylen	Avtale er signert
6	Skjøtsel Fitjestøylen	Har sendt forslag til avtale til grunneigarlag.
7	Barnegrava	
8	Klopplegging langs stien til Byrkjeneset	Kloppar ligg klar på lager.
9	Fjerning av gran	Noko arbeid (17.500) vart gjort i vinter.
10	Rasteområde ved Botnavatnet	Sjå eiga sak på saklista.
11	Sti mellom Kandalstøylen og Ryssdalsstøylen	Avtale er signert. Kloppar blir flydd ut i terrenget 4.juni.
12	Stien til Mardalsstøylen	Avtale er signert. Kloppar blir flydd ut i terrenget 4.juni.

### Vedtak

Styret tok orienteringa til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	11/21	07.06.2021

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - godkjenning av kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

### Vedtak

Styret gjorde vedtak om to endringar i utkastet til kommunikasjonsplan:

1. Skrive om punktet om «Bøker» slik at det er generelt og ikkje handlar om eit aktuelt prosjekt.
2. Skrive noko om varigheit på planen

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner framlegget til kommunikasjonsplan med dei to endringane.

Kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal LVO med dei endringane er vedteken.

### Innstilling frå forvaltar

Kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vert godkjent.

### Saksopplysningar

Eg har prøvd å endre framlegget til kommunikasjonsplan i trå med innspela som kom på styremøte 1/2021, og legg no fram eit nytt framlegg for godkjenning i styret.

Endringar:

- Eg har skrive litt om bokprosjektet.
- Eg har skrive litt meir om kontakt mot reiselivet.
- Omformulering om tilreisande turistar.
- Kap 6 og 7 i første utkast er slått saman.
- Eg har lagt inn eit tiltak om artikkel til utdeling (giveaway).
- Lagt til punkt om enkle tur- og aktivitetstips.
- Eg har lagt til litt meir om informasjon til folkevalde.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	12/21	07.06.2021

## **Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om fornya løyve til snøskutertransport av saltstein - Søreide og Ryssdal beitelag**

### **Vedtak ST 12/21**

Søreide og Ryssdal beitelag får løyve til å køyre snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i samband med transport av saltstein. Løyvet gjeld for to turar til Vardevatnet og to turar til Søreidefagredalen kvart år i åra 2022-2024.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3.b) og gjeld på følgjande vilkår:

- Køyvinga skal skje i perioden 1.februar til 31.mars
- Dette løyvet skal vere med under køyving
- Løyvet gjeld for snøskuter med registreringsnummer PL 1900
- Det skal brukast hjelm under køyvinga
- Det skal fyllast ut køyrebok før køyving, denne skal vere med under køyvinga.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar, heilagdagane eller i påskeveka.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Statens naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast før køyving.
- Verneområdeforvaltaren skal ha ein kort rapport i etterkant av køyvinga.

## Framlegg til vedtak

Søreide og Ryssdal beitelag får løyve til å køyre snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i samband med transport av saltstein. Løyvet gjeld for to turar til Vardevatnet og to turar til Søreidefagredalen kvart år i åra 2022-2024. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3.b) og gjeld på følgjande villkår:

- Køyringa kan skje i perioden 1.februar til 31.mars
- Dette løyvet skal vere med under køyring
- Løyvet gjeld for snøskuter med registreringsnummer PL 1900
- Det skal brukast hjelm under køyringa
- Det skal fyllast ut køyrebok før køyring, denne skal vere med under køyringa.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar, heilagdaggar eller i påskeveka.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Statens naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast før køyring.
- Verneområdeforvaltaren skal ha ein kort rapport i etterkant av køyringa.

## Saksutgreiing

### Dokument i saka:

- Søknad om fornying av fleirårig skuterløyve frå Søreide og Ryssdal beitelag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Løyve til snøskutertransport 2018 - 2021

### Søknaden

Søreide og Ryssdal beitelag har dyr på beite i områda Jardalen og austover til områda rundt Vardevatnet. Dei har hatt fleirårige løyve til å transportere saltsteinar ut i beiteområda med snøskuter sidan 2016. Tidlegare har dei hatt løyve som gjeld mars månad. Dette har vore utfordrande i snøfattige vintrar, so dei søker no om at løyvet skal gjelde frå 1.feb. Dei har hatt løyve til å køyre to turar innover i Jardalen til Søreidsfagredalen og to turar til Vardevatnet kvart år, og det har vore dekkande. Dei søker om eit løyve for åra 2022 til 2024.

### Regelverk

I følgje verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er motorferdsel i verneområdet i utgangspunktet forbode, jamfør forskrifta § 3 pkt 5.1. Det er likevel opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til visse typar motorferdsel til visse føremål. Dette gjeld mellom anna transport av saltstein med snøskuter:

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Det er altso heimel i verneforskrifta til å gje løyve til det som Søreide og Ryssdal Beitelag søker om.



Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyve frå kommune og dei som er grunneigarar der køyringa skal skje.

### **Vurdering**

Utkøyring av saltstein før beitesesongen er eit anerkjent og naturleg behov for transport. Det er omtala i verneforskrift og forvaltningsplan, og styret har som forvaltningspraksis å kome slike behov i møte innanfor verneforskrifta sine rammer. Til transport i utmark kor det ikkje er vegar eller vatn i nærleiken, er bruk av snøskuter på snøføre blant dei enklaste og mest skånsame metodane (jamfør nml § 12) å transportere saltstein og anna utstyr på.

Beitelaget har sidan 2018 hatt løyve til å køyre to turar til Vardevatnet og to turar innover i Jardalen kvart år. Det er eit rimeleg omfang og slik eg har forstått det er det dekkande for behovet til beitelaget. Vi har ikkje registrert nokon negative verknader eller fått negative tilbakemeldingar gjeldande bruken av det løyvet.

I dei tidlegare løyva har det vore opna for køyring i mars månad. Normalt sett er det ein god månad for skutertransport. I snøfattige vintrar kan det likevel verte utfordrande med snøføre allereie i starten av mars, noko beitelaget har fått erfare no i 2021. Dei søkjer derfor om ein litt lenger periode for køyring som inkluderer februar. Det er ei fornuftig justering.

Villreinen i Førdefjella har dei siste åra nytta dette området til vinterbeite. Jardalen har og vore nytta som kalvingsområde. Reinen er ikkje ein del av verneføremålet, men det er likevel ein naturverdi som ein skal ta omsyn til i forvaltninga. Som art er villrein sårbar for å verte uroa. Særleg gjeld dette i kalvingsområda og i tida fram mot kalving. Kalvingstida er noko seinare enn det er snakk om å køyre her, men og utanfor kalvingstid bør man ta omsyn til villreinen og unngå å uroe dei. Det bør derfor leggast vilkår til eit eventuelt løyve for å ta naudsynte omsyn til villrein.

Dette er eit område som er godt kjent for verneområdeforvaltninga. Vi har hatt mange saker og synfaringar her. Utsjekk i Naturbase syner ikkje registreringar av sårbare naturverdiar her, utover det vi allereie har peika på kring villreinen. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er godt.

Motorferdsel knytt til beitenæringa er høveleg regulert på eit nivå som både forvaltninga er nøgd med og som tilsynelatande dekkjer beitenæringa sine behov. Samla belastning av motorferdsla både i Jardalen og elles er akseptabel. Vi har ein tydeleg forvaltningspraksis og eit løyve her vil ikkje skape nokon annan presedens enn den som er gjeldande. Eit løyve vil vere i tråd med naturmangfaldlova § 10.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	13/21	07.06.2021

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om å merke sti frå Berdalseggja til Eikeneshesten**

### **Vedtak**

Gloppen kommune og Midtre Nordfjord turlag får løyve til å merke ruta frå Berdalseggja til Eikeneshesten og sette opp skilt, i tråd med søknad.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.h, og gjeld på desse vilkåra:

- Merking og skilting skal skje i tråd med Merkehandboka til DNT.
- Alt avfall skal fjernast frå verneområdet.
- Skilt som vert øydelagt eller utsletne skal fjernast frå verneområdet.

## **Innstilling frå forvaltar**

Gloppen kommune og Midtre Nordfjord turlag får løyve til å merke ruta frå Berdalseggja til Eikeneshesten og sette opp skilt, i tråd med søknad. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.h, og gjeld på desse vilkåra:

- Merking og skilting skal skje i tråd med Merkehandboka til DNT.
- Alt avfall skal fjernast frå verneområdet.
- Skilt som vert øydelagt eller utsletne skal fjernast frå verneområdet.

## **Saksutgreiing**

### **Dokumenter i saka:**

- Søknad om å merke sti frå Gloppen kommune
- Verneforskrift
- Besøksstrategi for Naustdal-Gjengedal LVO

### **Søknaden**

Midtre Nordfjord turlag ønskjer, i samarbeid med Gloppen kommune, å merke ruta mellom Berdalseggja og Eikeneshesten i Gloppen kommune. Om lag to tredjedelar av denne strekninga ligg inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Merking av denne ruta vil knyte saman eksisterande merka ruter frå Ryggjastøylen til Berdalseggja og frå Eikenes til Eikeneshesten. Ein vil då ha ei samanhengande merka rute frå Ryggjastøylen til Eikenes.

Merkinga og skilting skal skje i tråd med standardane i Merkehandboka til DNT.

### **Regelverk**

I Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er det i utgangspunktet forbode å opparbeide og merke turstiar, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til merking av turstiar med heimel i § 3 punkt 1.3 h):

*1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

*[...]*

*h) Merking og opparbeiding av turstiar og merking av jaktpostar.*


Verneområdestyret kan altså gje dispensasjon frå forbodet i verneforskrifta til tiltaket. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å få løyve frå grunneigarane langs ruta.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet

## Vurdering

Turlaget og Gloppen kommune ønskjer å merke denne ruta i høgfjellet for å knyte saman allereie merka turstiar og med det lage utvida og betre tilbod til friluftinteresserte, både medlemmer i turlaget og andre. Turen det er snakk om er ein veldig fint tur. Terrenget er ope, fritt og relativt «lettgått». Her er veldig fint utsikt både over Hyen og Hyefjorden på vestsida og over Gloppefjorden og Sandane på austsida.

Strekninga som skal merkast er på om lag 7 km i luftlinje, der i overkant av 5 km av den ligg inne i Naustdal-Gjengedal LVO. Ruta ligg oppe i høgfjellet mellom om lag 1100 og 1300 moh. Det er eit ope fjellandskap so godt som utan infrastruktur eller inngrep, med unntak av nokre vardar og ei lita gjetarhytte ved Osmundnesskaret. Dette er eit område kor forvaltninga er godt kjend. Forvaltar har gått denne ruta eit par gonger. Kunnskapsgrunnlaget er godt, jamfør nml § 8.



Fjellområdet er med i leveområdet til villreinen i Førdefjellastammen. Men området er ikkje registrert som viktig funksjonsområde for reinen, og det er ikkje kjent at her har vore rein i særleg grad siste tiåra. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har hatt saka til uttale. Dei stadfestar at området berre sjeldan har besøk av rein, og at det ikkje er identifisert som viktig funksjonsområde. Dei har derfor ikkje merknader til eit eventuelt løyve til merking.

Sjølv inngrepet med merking av stien er lite og so lenge man følgjer Merkehandboka so er i praksis reversibelt. Man skal unngå å merke på fast fjell eller andre stader kor man ikkje kan fjerne merka. Og man skal ikkje merke meir enn man må. Området er ganske «robust» med mykje stein og hardfør vegetasjon. Det er ikkje venta at ein merka sti her vil føre til slitasje i terrenget av problematisk omfang.

Det mest avgjerande spørsmålet her er nok av prinsipiell art. Er det riktig å fysisk legge til rette for meir ferdsel her? I besøksstrategien for Naustdal-Gjengedal har styret ikkje prioritert å legge til rette i dette området. Styret har sagt at man skal prioritere den eksisterande infrastrukturen framfor å merke nye ruter. Men det gjelder først og fremst tiltak i styret sin eigen regi og prioritering av styret sine egne ressursar, og ikkje nødvendigvis andre sine tiltak.

Sjølv om dette er eit meir eller mindre urørt område med lite eller ingen tilrettelegging, so er det likevel heilt ute i ytterkanten av verneområdet. I INON-systemet (Inngrepsfrie Naturområde i Noreg) so er heile ruta i den lågaste INON-kategorien, 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep. I besøksforvaltninga so er man ofte opptatt av å kanalisere ferdsla til område som tåler bruk, og heller skåne område som ikkje tåler det. Ved å merke ei rute i ytterkant av verneområdet og i låg INON-kategori, so kan man slik sett skåne område med meir villrein og høgare INON-kategori. Slik sett kan tilrettelegging her vere positivt for forvaltning av verneområdet totalt sett.

Man står likevel i ei viss fare for å bidra til den frykta «bit-for-bit-utbygginga» av fjellet og verneområda dersom man til stadigheit gjer løyve til slike tiltak, sjølv om det enkelte tiltaket i seg sjølv er lite. So dette er noko som verneområdestyret må vere obs på. Den samla belastninga av tiltaket og liknande tiltak både i fortid og framtid, må vere akseptabel, jamfør nml § 10. So lenge man legg nokre prinsipp til grunn her, kor man unngår nye ruter i dei viktigaste funksjonsområda til villrein og man skånar dei mest villmarksprega områda (høg INON-kategori) so vil eg seie at dette er innanfor det som er akseptabelt.

Naturmangfaldlova § 12 seier at man skal velje dei metodar og lokalisering som gjev minst skade og beste samfunnsmessige resultat. Her vert det opplyst om at merkinga skal følgje Merkehandboka. Den legg opp til ei mest mogeleg skånsam og reversibel merking. Nml § 12 er soleis oppfylt.

Tiltakshavar har sjølv ansvar for å unngå forsøpling og for å rydde opp etter merkinga, jamfør nml § 11. Tiltakshavar er og ansvarleg for å fjerne skilt og merking dersom ruta fell ut av bruk, eller dersom skilta vert øydelagt eller utslitt.

Nml § 9 er ikkje aktuell i saka.

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	14/21	07.06.2021

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - omdisponering av tiltaksmidlar**

### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre omdisponerer kr 50.000 frå «Rasteområde ved Botnavatnet» til rydding og utbetring av råk langs elva frå Gamlestøylen til Botnavatnet.

Omdisponeringa skjer på vilkår om at grunneigarlaget set opp ein meir detaljert plan for arbeidet, inkludert kostnadsoverslag, og sender til verneområdeforvaltar.




## Bakgrunn

Indre Angedal Grunneigarlag kom med to innspel til tiltak i 2021, med ønske om tiltaksmidler. Det eine var utbetring av ein sti, slik at det vart danna ei rundløype. Det andre var opparbeiding av eit rasteområde ved Botnavatnet.

Tiltak nr 2, Rasteområde, fekk lokal motstand på årsmøte i grunneigarlaget og let seg ikkje gjennomføre. I alle fall ikkje i år. Det var fordelt kr 50.000,- av tiltaksmidlane til tiltaket.

## Forslag om nytt tiltak

Grunneigarlaget føresler derfor å nytte desse midlane til eit nytt «tiltak nr 2». Det går ut på rydding og restaurering av ei gammal råk som går langs elva som kjem frå Botnavatnet. Råka vart tidlegare nytta til tilkomst inn til Botnavatnet, før det kom traktorvegar på begge sider. Her er dessutan fine fiskeplassar. Traseen følgjer raudstipla linje på kartet under.



## Vurdering

Det nye forslaget til tiltak har same profil som det opphavelge. Det ligg utanfor verneområdet og går ut på å betre infrastrukturen for lågterskel friluftsliv og familiar. Det nye tiltaket er sopass likt det opphavelge at eg ikkje trur det vil vere noko «formelt» problem å omdisponere midlane. Det er heller ikkje snakk om særleg stor sum.

Styret må likevel vurdere om dei tykker det nye tiltaket er godt og sopass relevant at det fortener midlar. I styremøte 1/2021 måtte vi prioritere og fordele mindre midlar enn vi hadde søkt om. Det er altso ein viss underfinansiering av dei tiltaka vi søkte om, og det er derfor viktig at vi brukar midlane på ein god måte og at omdisponeringar er gjennomtenkte.

## Handsaming i møte

Verneområdestyret må ta stilling til om dei 50.000 av tiltaksmidlane som vart fordelt til «Rasteområde ved Botnavatnet» skal omdisponerast til rydding og utbetring av råk langs elva frå Gamlestøyla til Botnavatnet.

**ST 15/21 Eventuelt**

**Ingen saker**